

Glimrande orgelspel i Solund

Tom Rishton gav dei nærare 50 framømte sulingane ei fin musikkoppleving med sin varierte orgelkonsert i Hardbakke kyrkje måndag. Med berre eit klaviatur og begrensa lydstyrke, var det ikkje alle musikkstykkja som kom til sin rett. Likevel fekk organisten vist noko av det han var god for.

SD: EDMUND MONGSTAD

Opningsstykket «Tocatta i d-moll» av Bach verkar komplisert nok på dei fleste, men er teknisk sett lett, ifølge organisten sjølv. Det høyrdes

i alle høve flott når dei kjente tonane runga gjennom rommet, og bassen fekk fram det kraftfulle i stykket.

Orgelet til tross, dette var tonar som fall sulingane i smak. Spesielt likte dei unge stykket. Det kjem seg truleg av den kjente og svært populære TV-serien «Eit menneske», som gjekk i NRK for nokre år sidan. Her gjekk orgelstykket «Tocatta & Fuge i d-moll» av Bach som ein rød tråd gjennom heile serien.

Flor Peeters sin komposisjon Adagio var eit heller sørgmodig og roleg orgelstykke, men også svært vakkert. Dietrich Buxtehudes «jig» fekk fort løfta stemningen opp igjen i det tredje stykket. Ein lett tysk melodi, som det godt kunne vore dansa til, var det almenne inntrykket.

Heile orgelkonserten varierte sterkt mellom rolege, vakre hymner til raske humørfylte stykke. Egil Hovlands Interludium var einaste norske representanten blant komponistane. Forutan «Tocatta i d-moll» av Bach, var det nok Pietro Yon, med hans komposisjon «Humoresque» og Georg Fredrich Händels «Dronningen av Shebas ankomst», som vekte størst begeistring blant dei unge.

No vil ikkje vi gje oss ut på å vurdere Tom rishtons tekniske kvaliteter, til det veit me for lite. Men som raskt innleigd note-bladar under fotograferinga, fekk eg gleder på nær hald å sjå litt av hans brillante fingerspel. Nokre gonger vart blandinga heilt gløymd, til organisten munnleg måtte overdøya musikken for å få journalisten til å sjå opp på notarket igjen.



Tom Rishton i aksjon i kyrkja på Hardbakke måndag.

Det verka så utruleg lett, når Tom Rishton let fingrane dansa bortetter tangentane. Det gjekk an å sjå at han representerte uvanlege kvaliteter når det galdt orgelspel. Så hadde han då også si første tilsetting som organist alt åtte år gamal. I dag

bur dette musikkgeniet i Rauma i Romsdalen. Kvar sommar turnerer han rundt i norske kyrkje, til glede for mange orgelinteresserte rundt om i landet.

Det var organisten i Solund, Gunn Mongstad, som hadde teke initiati-

vet til denne orgelkonserten. Rikskonsertane støtta tiltaket økonomisk. Etter konserten fekk den engelske organisten ei blomsterkorg i gåve frå Mongstad, med takk for den fine kulturelle opplevinga han hadde gjeve folket i Solund.